



MASFJORDEN KOMMUNE

Politisk avdeling

Ordføreren

Dato: 23.01.2008

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119

0032 OSLO



Vår ref.
08/48-2/N-21/HMA

Dykkar ref.

UTTALE TIL KUNNSKAPSDEPARTEMENTET SI HØYRING OM KRL-FAGET

Masfjorden kommunestyre handsama i sak 002/08 den 15.01.2008 framlegg til høyringsuttale frå KrF til Kunnskapsdepartementet si høyring om KRL-faget.

UTTALE FRÅ MASFJORDEN KOMMUNESTYRE DEN 15.01.2008:

Som høyringsinnstans i samband med Kunnskapsdepartementet sine endringsforslag til KRL-faget vil Masfjorden kommunestyre uttala fylgjande:

- Det er viktig at alle fag i skulen er i samsvar med Menneskerettserklæringa.
- Det kan verka som regjeringa går unødvendig langt i høve til domen i Den Europeiske Menneskerettsdomstolen, når det gjeld å redusera kristendommen sin plass i faget.
- Masfjorden kommune meiner lov og føreskrifter om faget tydeleg bør innehalda formuleringar som gjev grunnlag for at kristendomen, som har prega vårt land si utvikling og kulturgrunnlag dei siste tusen åra, framleis kan stå i ei særstilling i skulen si undervisning.
- Det er ingen grunn i høve til domen i å problematisera at eit land sin skule gjev ein kvantitativ grundigare innføring i den religionen som historisk og kulturelt har prega landet mest.

Med helsing

Håkon Matre
Ordførar

Postadr.:
5981 MASFJORDNES

Telefon:
56 16 62 00
E-post: post@masfjorden.kommune.no

Telefaks:
56 16 62 01

Bankgiro:
3635.07.01405

Organisasjonsnr.:
945627913